

TAXI 1 AS  
Postboks 2420 Drotningstovik  
5834 BERGEN

Dato: 22.02.2018  
Vår ref.: 2015/2797-23  
Saksbehandlar: annvedv  
Dykkar ref.:

## Vedrørende søknad frå Taxi 1

Ein viser til brev av 19.02.2018 frå Taxi 1.

I e-post av 05.02.2018 set Taxi 1 fram «Ny søknad». I brev av 19.02.2018 viser Taxi 1 til «søknad av 09.10.2017, samt tilleggssøknad». Vårt brev av 12.02.2018 gjeld den nye søknaden sett fram i e-post 05.02.2018. Løyvestyresmakta oppfatta at denne erstatta den opphavlege søknaden.

Den opphavlege søknaden av 09.10.2017 gjaldt endring av vilkår på løyva R-5001, R-5002, R-5004, R-5005, R-5006, R-5007, R-5008, R-5009 og R-5034. Taxi 1 ønskte vilkår om rullestol fjerna og storleiken skulle vera inntil 9 sitteplassar.

Løyvestyresmakta avdekkja brot på driveplikta for alle desse løyva, med unntak for R-5004, samt nokre fleire løyve, jf. våre brev av 26.10.2017 og 02.11.2017. I sistnemnde brev går det fram at søknadsbehandlinga om vilkårsendring utstår til tilhøva kring løyva er avklart. Det vart fatta vedtak om tilbakekalling den 04.12.2017. Taxi 1 gjorde i e-post 12.12.2017, krav på å få søknad om vilkårsendring behandla. Løyvestyresmakta svarte i brev 18.12.2017 at Fylkesutvalet har bestemt at Taxi 1 skal ha 10 bilar som kan frakta rullestol, uavhengig av kva løyvenummer som vert brukt.

Taxi 1 klaga over tilbakekallinga 11.01.2018, der det heiter at:

*«Taxi 1 ønsker svært gjerne å fullføre klimasatsingen som snart er i mål og tilpasser alternativt gjerne sin søknad om endrede vilkår, sågar å reversere den helt, i på vente av at elektriske busser leveres. Som antydnet og bekreftet skjer dette i 2018» (vår understreking).*

I e-post 18.01.2018 bad Taxi 1 om eit møte i saka. Møtet fann stad 05.02.2018. I møtet erkjente at Taxi 1 at dei tilbakekalla løyva var teken ut av drift, men var uforståande til at selskapet må ha 10 rullestolbilar. Taxi 1 hevda at løyvestyresmakta har godkjent at Taxi 1 kunne ta løyve ut av drift som del av sin driftsmodell. Dette avviste løyvestyresmakta.

Løyvestyresmakta viste til at Fylkesutvalet vedtok at selskapet skal ha 10 rullestolbilar då Taxi 1 fekk konsesjon. **Vilkåra er i dag 10-17 sete på 5 løyve og inntil 9 med plass til rullestol på 5 løyve.** Taxi 1 kan få endra vilkår på løyve som ikkje er tilbakekalla, slik at desse får vilkår om rullestoltransport for å oppfylle fylkesutvalet sitt vedtak.

Taxi 1 opplyste i møte at selskapet har 3 rullestolbilar i drift. Løyvestyresmakta signaliserte at det etter søknad kan vera aktuelt å utsetja krav til oppfylling av rullestolkapasitet for det resterande talet på rullestolbilar som Taxi skal ha, fram til levering av dei elektriske minibussane. No opplyser selskapet at

berre 2 rullestolløyve er i drift. Løyvestyresmakta ber opplyst kva løyve med rullestol Taxi 1 har i drift og kva storleik bilane på desse løyva har.

Løyvestyresmakta finn det ut frå tidlegare korrespondanse og møte i saka, vanskeleg å forstå hensikta i ordlyden «søknad om midlertidig dispensasjon for å fylle opp løyveporteføljjen med totalt 10 rullestolbiler» Dersom me skal gå vidare me saka, ber me om ei klårgjering av kva det faktisk vert søkt om.

Rolf Rosenlund  
seksjonsleiar

Anne Vedvik  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*